Seljord kommune

Møteprotokoll

Utval: **Kommunestyret**
Møtestad: Møterom 2.etg., Kommunehuset
Møtedato: 11.06.2015
Møtetid: 18:00 – 22:00

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Ingunn Synnøve Haugland	Medlem	H
Frøydis Margaret Kivle	Medlem	H
Øyvind Oland	Medlem	H
Kjellaug Westbye Abrahamsen	Medlem	KRF
Trond Johnsen	Medlem	AP
Jon Svartdal	Ordførar	
Arve Lia	Medlem	AP
Jorunn Andrea Hegni	Medlem	SP
Jan Thorbjørn Sollid Tveit	Varaordførar	H
Edvard Mæland	Medlem	H
Hallgeir Ofte	Medlem	AP
Borgny Slettemoen Tøfte	Medlem	V
Dag Svartdal	Medlem	KRF
Gunleif Eivind Oland	Medlem	H
Mogens Hougaard Iversen	Medlem	FRP

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Solveig Sundbø Abrahamsen	ORDF	H
Gunn Marit Sandsdalen	MEDL	SV
Aud Kirsten Jonskås	MEDL	AP
Jon Aarbakk	MEDL	SP
Guro Sundbø Storrusten	MEDL	H
Arvid Martin Vala	MEDL	FRP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Tone Astrid Hjartsjø	Solveig Sundbø Abrahamsen	H
Asbjørn Storrusten	Guro Sundbø Storrusten	H
Nils Øverbø Liane	Arvid Martin Vala	FRP
Amir Molazem Atashgahi	Gunn Marit Sandsdalen	SV
Marianne Vadder	Jon Aarbakk	SP
Hanne Nordgaard	Aud Kirsten Jonskås	AP

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Kari Gro Espeland	Rådmann
Frid Berge	Kommunalsjef
Ronde Schade	Kommunalsjef
Rolf Henning Jensen	Kommunalsjef
Halgeir Brekke	Kommunalsjef
Olav Aalandslid	NAV-leiar

Marianne Vadder reiste etter sak 78/15

Protokollunderskrifter:

Jon Svartdal Trond Johnsen

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Referatsaker	
RS 11/15	Melding om vedtak; Motor Team AS - søknad om etableringstilskot	
RS 12/15	Melding om vedtak; Tour of Norway - Søknad om tilskott for å gjennomføre ein markering av at sykkelritt	
RS 13/15	Melding om vedtak; Tele-Tur AS - søknad om støtte til transporttiltak - fotballkamper	
RS 14/15	Styrekandidatar til Vest-Telemark kraftlag AS	
	Saker til handsaming	
PS 70/15	Disponering av grunnfondsmiddlar	
PS 71/15	Årsrekneskap 2014 for Seljord kommune	
PS 72/15	Årsmelding 2014 for Seljord kommune	
PS 73/15	Budsjett 2015. Vedlegg 4 "Økonomisk oversyn - Drift" og vedlegg 5 "Økonomisk oversyn - Investering"	
PS 74/15	Budsjettkontroll/Økonomisk oversyn pr. 31.05.2015 - Driftsbudsjettet	
PS 75/15	Økonomireglement - Bakgrunn, status og framdrift	
PS 76/15	Finansreglementet - Fast og flytande rente	
PS 77/15	Oppfylgjing av vedtak om innsparing.	
PS 78/15	Tilbod til kommunen frå Statens vegvesen om å overtaka gamle Dyrland bru	

PS 79/15	Bosetting av flyktninger med bakgrunn i dagens flyktningkrise
PS 80/15	Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune
PS 81/15	Høyringsuttale - forslag om endring av heilagdagslova, herunder å tillate sundagsopne butikkar
PS 82/15	Godtgjering for folkevalde i Seljord kommune

Referatsaker

RS 11/15 Melding om vedtak; Motor Team AS - søknad om etableringstilskot

RS 12/15 Melding om vedtak; Tour of Norway - Søknad om tilskott for å gjennomføre ein markering av at sykkelritt

RS 13/15 Melding om vedtak; Tele-Tur AS - søknad om støtte til transporttiltak - fotballkamper

RS 14/15 Styrekandidatar til Vest-Telemark kraftlag AS

Saker til handsaming

PS 70/15 Disponering av grunnfondsmiddlar

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å fylgje vedtaket i Vest-Telemark tinget, og nytte kr 474 000 frå grunnfondet til utviding av aksjekapitalen i Vest-Telemark Næringsbygg AS.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke med 21 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Kommunestyret vedtek å fylgje vedtaket i Vest-Telemark tinget, og nytte kr 474 000 frå grunnfondet til utviding av aksjekapitalen i Vest-Telemark Næringsbygg AS.

PS 71/15 Årsrekneskap 2014 for Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for 2014 for Seljord kommune.

Mindreforbruket på kr 4.304.136,85 vert disponert slik:

1. Kr 100.000,00 vert sett inn på eit disposisjonsfond øyremerkt medisinsk utstyr til øyeblikkeleghelp-døgnplass på Nesbukti pleie- og omsorgssenter.
2. Kr 4.204.136,85 vert sett inn på det ordinære disposisjonsfondet (balansekonto 256560001).

Handsaming i Eldreråd - 09.06.2015

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldreråd - 09.06.2015

Årsrekneskap 2014 er teken til vitande.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2015

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2015

Årsrekneskap 2014 er teken til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 11.06.2015

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 11.06.2015

Formannskap/økonomiutval rår Kommunestyret til å godkjenne årsrekneskapen for 2014 for Seljord kommune.
Mindreforbruket på kr 4.304.136,85 vert disponert slik:

3. Kr 100.000,00 vert sett inn på eit disposisjonsfond øyremerkt medisinsk utstyr til øyeblikkeleghelp-døgnplass på Nesbukti pleie- og omsorgssenter.
4. Kr 4.204.136,85 vert sett inn på det ordinære disposisjonsfondet (balansekonto 256560001).

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke med 21 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for 2014 for Seljord kommune.

Mindreforbruket på kr 4.304.136,85 vert disponert slik:

5. Kr 100.000,00 vert sett inn på eit disposisjonsfond øyremerkt medisinsk utstyr til øyeblikkeleghelp-døgnplass på Nesbukti pleie- og omsorgssenter.
6. Kr 4.204.136,85 vert sett inn på det ordinære disposisjonsfondet (balansekonto 256560001).

PS 72/15 Årsmelding 2014 for Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskap/ økonomiutval til å leggje fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner Årsmeldinga for Seljord kommune 2014.

Handsaming i Eldreråd - 09.06.2015

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldreråd - 09.06.2015

Årsmelding 2014 er teken til vitande.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2015

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2015

Årsmelding 2014 er teken til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 11.06.2015

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 11.06.2015

Formannskap/økonomiutval rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Kommunestyret godkjenner Årsmeldinga for Seljord kommune 2014.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke med 21 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Kommunestyret godkjenner Årsmeldinga for Seljord kommune 2014.

PS 73/15 Budsjett 2015. Vedlegg 4 "Økonomisk oversyn - Drift" og vedlegg 5 "Økonomisk oversyn - Investering"

Rådmannen si tilråding:

Budsjettvedlegg 3 "Økonomisk oversyn – Drift" og Budsjettvedlegg 4 "Økonomisk oversyn – Investering" for opphavleg budsjett 2015 (jf. kommunestyresak 66/14) vert vedtekne slik dei er lagt fram som saksdokument/vedlegg til denne saka.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke med 21 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Budsjettvedlegg 3 "Økonomisk oversyn – Drift" og Budsjettvedlegg 4 "Økonomisk oversyn – Investering" for opphavleg budsjett 2015 (jf. kommunestyresak 66/14) vert vedtekne slik dei er lagt fram som saksdokument/vedlegg til denne saka.

PS 74/15 Budsjettkontroll/Økonomisk oversyn pr. 31.05.2015 - Driftsbudsjettet

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek til vitande at budsjettkontrollen pr. 31.05.2015 syner at driftsbudsjettet for 2015 er i balanse.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke med 21 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Kommunestyret tek til vitande at budsjettkontrollen pr. 31.05.2015 syner at driftsbudsjettet for 2015 er i balanse.

PS 75/15 Økonomireglement - Bakgrunn, status og framdrift

Rådmannen si tilråding:

Innan utgangen av oktober 2016 vert framlegg til økonomireglement for Seljord kommune lagt fram til handsaming i kommunestyret.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 21.05.2015

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 21.05.2015

Innan utgangen av oktober 2016 vert framlegg til økonomireglement for Seljord kommune lagt fram til handsaming i kommunestyret.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke med 21 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Innan utgangen av oktober 2016 vert framlegg til økonomireglement for Seljord kommune lagt fram til handsaming i kommunestyret.

PS 76/15 Finansreglementet - Fast og flytande rente

Rådmannen si tilråding:

Punkt 10 "Rammer for risiko", punkt a "Lånegjeld og finansieringsavtalar", fjerde kulepunkt i finansreglementet vert endra til:

Låneopptak skal gjerast med flytande rente.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 21.05.2015

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 21.05.2015

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Punkt 10 "Rammer for risiko", punkt a "Lånegjeld og finansieringsavtalar", fjerde kulepunkt i finansreglementet vert endra til:
Låneopptak skal gjerast med flytande rente.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke med 21 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Punkt 10 "Rammer for risiko", punkt a "Lånegjeld og finansieringsavtalar", fjerde kulepunkt i finansreglementet vert endra til:

Låneopptak skal gjerast med flytande rente.

PS 77/15 Oppfylgjing av vedtak om innsparing.

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i Eldreråd - 09.06.2015

Framlegg frå Eldrerådet:
Det er ikkje ynskeleg å ta stilling til forslaga i saka nå, men Eldrerådet vil koma attende til saka når budsjettet skall handsamast til hausten.

Framlegget samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldreråd - 09.06.2015

Det er ikkje ynskeleg å ta stilling til forslaga i saka nå, men Eldrerådet vil koma attende til saka når budsjettet skall handsamast til hausten.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2015

Framlegg frå Gunnvor Hegni:
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kan ikkje støtte innsparingsforslaga då det vil gå utover svake grupper.

Avrøysting:
Vedteke mot ei stemme.

Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2015

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan ikkje støtte innsparingsforslaga då det vil gå utover svake grupper.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Framlegg frå Seljord AP:

Kommunestyret ber administrasjonen stoppe prosessen med ytterlegare kutt på bakgrunn av den noverande økonomiske situasjonen, og at ein har vore gjennom betydlege kutt og omstruktureringar dei siste åra.

Framlegg frå H., Krf., Frp og Venstre:
Realitetsbehandling av innsparingane blir handsama i budsjettarbeidet for 2016.

Avstemming:
Framlegg frå Seljord Ap: 6 røyster
Framlegg frå H., Krf., Frp og Venstre: 14 røyster

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Realitetsbehandling av innsparingane blir handsama i budsjettarbeidet for 2016.

PS 78/15 Tilbod til kommunen frå Statens vegvesen om å overtaka gamle Dyrland bru

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:
Seljord kommune takkar ja til forslag frå SVV og tek på seg all skyldnad knytt til drift og vedlikehald av brua med atterhald om at fylkeskommunen gir eit bidrag på 600.000,- til framtidig vedlikehald. Bidraget skal avsettast til bunden fond merka Dyrland bru. Vidare er det eit vilkår at brua blir overlevert til kommunen med nytt fast dekke for å bøte på skadar som oppstår av vatn som trenger gjennom berekonstruksjonen. Overtaking, stenging av bru og bidrag frå fylkeskommunen skal heimlast i eigen avtale.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke med 21 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Seljord kommune takkar ja til forslag frå SVV og tek på seg all skyldnad knytt til drift og vedlikehald av brua med atterhald om at fylkeskommunen gir eit bidrag på 600.000,- til framtidig vedlikehald. Bidraget skal avsettast til bunden fond merka Dyrland bru. Vidare er det eit vilkår at brua blir overlevert til kommunen med nytt fast dekke for å bøte på skadar som oppstår av vatn som trenger gjennom berekonstruksjonen. Overtaking, stenging av bru og bidrag frå fylkeskommunen skal heimlast i eigen avtale.

PS 79/15 Bosetting av flyktninger med bakgrunn i dagens flyktningkrise

Rådmannen si tilråding:

a) Seljord kommune kan busette inntil 10 personar ut over dei 7 personane som allereie skal busettast i 2015, samt at vi aukar talet som skal busettast i 2016 til inntil 16 personar.

b) Det bør i hovudsak leggast vekt på å ta i mot barnefamiliar.

c) I samband med auka busetting blir flyktningtenesta og vaksenopplæringa styrka med inntil ei stilling.

d) Administrasjonen legg fram forslag til fireårig busettingsvedtak og busettingsplan i kommunestyret i juni.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 21.05.2015

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

a) Seljord kommune kan busette inntil 10 personar ut over dei 7 personane som allereie skal busettast i 2015, samt at vi aukar talet som skal busettast i 2016 til inntil 16 personar.
b) Det bør i hovudsak leggast vekt på å ta i mot barnefamiliar.
c) I samband med auka busetting blir flyktningtenesta og vaksenopplæringa styrka med inntil ei stilling, denne vert nytta der behov er størst.
d) Administrasjonen legg fram forslag til fireårig busettingsvedtak og busettingsplan i kommunestyret i juni.
e) Administrasjonen kjem med framlegg til fordeling av integreringstilskotet, og legg dette fram for formannskap og kommunestyret når behovet for ekstra tiltak i dei ulike avdelingane er kjent.

Møtehandsaming:

Fylgjande presisering vart gjort i møtet:

a) Seljord kommune kan busette inntil 10 personar ut over dei 7 personane som allereie skal busettast i 2015, samt at vi aukar talet som skal busettast i 2016 til inntil 16 personar.
b) Det bør i hovudsak leggast vekt på å ta i mot barnefamiliar.
c) I samband med auka busetting blir flyktningtenesta og vaksenopplæringa styrka med inntil ei stilling, denne vert nytta der behov er størst.
d) Administrasjonen legg fram forslag til fireårig busettingsvedtak og busettingsplan i kommunestyret i juni.
e) Administrasjonen kjem med framlegg til fordeling av integreringstilskotet, og legg dette fram for formannskap og kommunestyret når behovet for ekstra tiltak i dei ulike avdelingane er kjent.

Vedteke med 6 mot 1 røyst.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 21.05.2015

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

a) Seljord kommune kan busette inntil 10 personar ut over dei 7 personane som allereie skal busettast i 2015, samt at vi aukar talet som skal busettast i 2016 til inntil 16 personar.
b) Det bør i hovudsak leggast vekt på å ta i mot barnefamiliar.
c) I samband med auka busetting blir flyktningtenesta og vaksenopplæringa styrka med inntil ei stilling.
d) Administrasjonen legg fram forslag til fireårig busettingsvedtak og busettingsplan i kommunestyret i juni.

e) Administrasjonen kjem med framlegg til fordeling av integreringstilskotet, og legg dette fram for formannskap og kommunestyret når behovet for ekstra tiltak i dei ulike avdelingane er kjent.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Rådmannen orienterte om at punkt d) i formannskapet si tilråding til kommunestyret vert utsett til nytt kommunestyret er vald hausten 2015.

Framlegg frå Frp:
Seljord kommune kan bosette de syv personene som er avtalt. Seljord Frp ønsker ikke at kommunen skal ta imot de ti ekstra flyktningene i 2015 og 2016 som er foreslått. Vi mener at boligmangelen i kommunen er stor nok fra før og de få ledige som er i dag vil vi gjerne prioritere å bruke på folk som ønsker å bo og jobbe her. Det økonomiske er allerede veldig usikkert, derfor ser vi ingen grunn til å ta i mot flyktninger som trenger sosialhjelp av Seljord kommune, etter at den statlige støtten opphører. Hvis kommunen har plass i budsjettet ønsker vi at pengene blir brukt på ekstra personell i barnehage, skole og eldreomsorg. Grunnet høyt arbeidspress i disse stillingene er sykefraværet allerede høyt, dette ligger pr i dag på over 7,5 %. Vi ønsker også å bruke penger på de svake stilte i kommunen fremfor å ta i mot flyktninger.

Avstemming:
Framlegget til Frp fall med 2 mot 17 røyster.

Framlegg frå H.:
Fylgjande punkt vert endra i formannskapet si tilråding til kommunestyret:

a) Seljord kommune kan busette om lag 5 personar utover dei 7 personane som allereie er busett i 2015. 2016 og 2017 blir vurdert i samband med handsaming av busettingsplan hausten 2015.
b) Det bør i hovudsak leggast vekt på å ta i mot barnefamiliar frå Syria.

Avstemming:
Framlegget frå H.: 11 røyster
Rådmannen sitt framlegg: 8 røyster

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

f) Seljord kommune kan busette om lag 5 personar utover dei 7 personane som allereie er busett i 2015. 2016 og 2017 blir vurdert i samband med handsaming av busettingsplan hausten 2015.
g) Det bør i hovudsak leggast vekt på å ta i mot barnefamiliar frå Syria

h) I samband med auka busetting blir flyktningtenesta og vaksenopplæringa styrka med inntil ei stilling.
i) Administrasjonen kjem med framlegg til fordeling av integreringstilskotet, og legg dette fram for formannskap og kommunestyret når behovet for ekstra tiltak i dei ulike avdelingane er kjent.

PS 80/15 Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek Alkoholpolitiske retningsliner, slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Framlegg frå H. v/ Ingunn Haugland:
Siste strekpunkt under 7.1 blir fjerna. Elles blir alkoholpolitiske retningsliner vedteke som dei ligg føre.

Avstemming: Framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke med 20 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Siste strekpunkt under 7.1 blir fjerna. Elles blir alkoholpolitiske retningsliner vedteke som dei ligg føre.

PS 81/15 Høyringsuttale - forslag om endring av heilagdagslova, herunder å tillate sundagsopne butikkar

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg ikkje til framlegget om endring i heilagdagslova for å tillate sundagsopne butikkar.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Framlegg frå H. v/ Edvard Mæland:
Kommunestyret sluttar seg til framlegget om endring i heilagdagslova for å tillate sundagsopne butikkar.
Kommunestyrt støttar ikkje alternativet om avgjerande beslutningsmyndighet til kommunen.

Avstemming:
Framlegget frå Høgre: 5 røyster
Rådmannen sitt framlegg: 14 røyster

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Kommunestyret set ned eit politisk samansett utval som kan revidere gjeldande reglement for godtgjering for folkevalde, og koma med framlegg til reviderte retningsliner til kommunestyret den 3. september 2015.

PS 82/15 Godtgjering for folkevalde i Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret set ned eit politisk samansett utval som kan revidere gjeldande reglement for godtgjering for folkevalde, og koma med framlegg til reviderte retningsliner til kommunestyret den 3. september 2015.

Handsaming i Kommunestyret - 11.06.2015

Framlegg frå H v/ Edvard Mæland:
Formannskapet utgjer det politisk samansette utvalet som skal revidere gjeldande reglement for godt gjering for folkevalde og koma med framlegg til reviderte retningsliner til kommunestyret den 3. september.

Framlegg frå H. Mæland samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 11.06.2015

Formannskapet utgjer det politisk samansette utvalet som skal revidere gjeldande reglement for godt gjering for folkevalde og koma med framlegg til reviderte retningsliner til kommunestyret den 3. september.